

Sula kommune



Kommunedirektøren si årsmelding

2022

Innhold

Om årsmeldinga:.....	2
Om rekneskapen:	2
Tilhøve som er viktige for å vurdere kommunen si økonomiske stilling.....	2
Resultat:	2
Gjeld:	5
Finansielle måltall:	5
Likestilling og diskriminering	7
Tiltak for å sikre betryggende kontroll og høg etisk standard i kommunen.	8
Rekneskapsanalyse	10
Driftsrekneskap for 2022	10
Sentraladministrasjonen	121
Oppvekst.....	12
Helse og sosial.....	15
Kultur	18
Kommunalteknikk og eigedom	18
Vann, avløp og renovasjon (VAR)	19
Plan bygg og oppmåling (PBO).....	19
Inntekter og utgifter i driftsrekneskapet 2022.....	20
Investeringsrekneskap for 2022	24
Sentraladministrasjonen	25
Helse og sosial.....	25
Teknisk (ekskl VAR).....	25
VAR.....	26
Balanserekneskapen.....	26
Økonomisk effekt av koronapandemien.....	27
Oppsummering av IA-arbeidet i 2022.....	279

Om årsmeldinga:

Årsrekneskap og årsmelding er avlagt etter Kommunelova og Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner.

Etter kommunelova § 14-7 skal kommuner utarbeide årsmelding og den skal avgis seinast 31. mars. § 14-7 inneheld ei punktvis oversikt over det som årsmeldinga skal omtale.

Om rekneskapen:

Kommunen fører rekneskapen sin etter eit finansielt orientert rekneskapssystem i tråd med forskrifter nedfelt i medhald av kommunelova. Kommunerekneskapen er arbeidskapitalorientert ettersom drifts- og investeringsrekneskapane viser all tilgang på og all bruk av midlar.

Arbeidskapitalen er lik differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld. Dette medfører at kommunerekneskapen seier noko om kommunen si evne til å dekke betalingsforpliktelsane på kort og lang sikt.

Det er i eit kommunerekneskap ikkje noko målsetting å bokføre store overskot. Ein kommune skal yte tenester til innbygarane og ta sikte på ein sunn kommuneøkonomi. Fokus må heile tida vere på å produsere dei rette tenestene til innbygarane på ein mest mogleg rasjonell måte.

Tilhøve som er viktige for å vurdere kommunen si økonomiske stilling

Resultat:

Driftsrekneskapet for 2022 viser eit positivt netto driftsresultat på 18,8 mill kroner. Dette er 15,3 mill kroner betre enn budsjettert. Budsjettavviket kjem i hovudsak av:

Område	Bud.avvik	Kommentar
Frie inntekter	-37 100 000	Skatt, inntektsutjevning og rammetilskot. Koronatilskot på totalt 10,7 mill.
Flyktningtilskot	-7 600 000	Flyktningtilskot høgare pga fleire flytningar enn lagt til grunn i budsjett.
Renteutgifter	3 200 000	Renteutgifter investeringslån. Rentenivå høgare enn budsjettert.
Helse og sosial	12 600 000	Korona, ress.krev. tenester, flytningar. Inntekter sentralt. Reelt sett bal.
Oppvekst	11 900 000	Skulane er 9,3 mill over budsjett. Overføring priv bh. 0,9 mill over bud.
Andre områder	1 700 000	Sum av budsjettavvik på andre områder
SUM budsjettavvik	-15 300 000	Driftsresultat er 15,3 mill betre enn budsjettert
Budsjettert driftres.	-3 500 000	Budsjettert med positivt driftsresultat for 2022 på 3,5 mill
Netto driftsresultat	-18 800 000	Positivt netto driftsresultat for 2022

Frie inntekter:

Frie inntekter (eksl. koronarefusjon) er 26,4 mill betre enn budsjettert. Budsjettavviket på skatteinntekter/inntektsutjevning kan i all hovudsak forklarast med restskatt og korreksjonsoppgjør knytt til 2021. Frie inntekter (ekskl. koronarefusjon) er 18,6 mill betre enn vi estimerte og rapporterte i oktober 2022. Det meste av budsjettavviket blei altså kjent mot slutten av året. Dette er gjeldande for heile landet, og skuldast at korreksjonsoppgjør for 2021 ikkje var klart før i november 2022. På landsbasis blei skatteinntektene til kommunene 10

milliard betre enn det som blei lagt til grunn ved framleggelse av statsbusjettet i oktober 2022. 10 milliard for landet kan omregnast til ca 18,5 mill for Sula kommune (ved bruk av «delkostnadsnøkkel» for 2022).

Flyktningtilskot

Flyktningtilskot er 7,6 mill betre enn budsjettet. Dette skuldast fleire flytningar enn det som blei lagt til grunn i budsjett. 7,5 mill er overført til flytningfondet. Beløp til overføring til fond er berekna slik: Flyktningtilskot på 15,7 mill – kostnader for integreringstenesta (hos NAV) på 8,2 mill = 7,5 mill. «Flyktningregnskapet» for 2022 viser altså eit overskot på 7,5 mill. Hovedgrunnen til dette er at flyktningtilskotet kjem for eit heilt år, uavhengig av når flyktningen kjem. Når mange flyktningar kjem seint på året får vi ikkje kostnader for eit heilt år, men vi får tilskot for eit heilt år. Dette er grunnen til at vi set av midler til flyktningfondet. Ein annan årsak til overskotet er at det kan ligge «skjulte» ekstrakostnader på f.eks oppvekst og helse. Frå 2023 har vi fokusert på bruken av prosjektode for ekstraavgifter knytt til flyktingar. På den måten vil vi forsøke å få betre oversikt over dei faktiske ekstraavgiftene.

Renteavgifter

Renteavgiftene på lån til investering er 3,2 mill høgare enn budsjettet. Årsaken er at rentenivået er høgare enn det som blei lagt til grunn i budsjett. Tabellen nedanfor viser utvikling i gjennomsnittlig rente på vår låneportefølje gjennom året:

Dato	01.01.2022	30.04.2022	31.08.2022	31.12.2022
Rente	1,43 %	1,68 %	1,93 %	2,62 %

Helse og sosial

For Helse og sosial framgår eit meirforbruk på 12,4 mill (inkludert fondstransaksjonar). Meirforbruket kan i hovedsak forklaras med ekstraavgifter knytt til korona (estimert til 8 mill), meiravgifter knytt til integreringstenesta for flykningar, samt meiravgifter knytt til ressurskrevjande brukarar. Alle desse forholda resulterer også i økte inntekter, men desse inntektene bokføres sentralt. Dersom vi justerer for dette så går Helse og sosial ca i balanse:


Budsjettavvik Helse og Sosial	Beløp
Budsjettavvik Helse og Sosial (inkludert fondstransaksjonar)	12 400 000
Koronakompensasjon (bokført sentralt)	-8 000 000
Meirforbruk integreringstenesta (meirinntekt bokført sentralt)	-2 550 000
Budsjettavvik refusjon. Ress.kr. brukarar (bokført sentralt)	-1 700 000
"Reelt" meirforbruk Helse og Sosial	150 000

Oppvekst

Meirforbruk skuldast i hovedsak at skulane har brukt 9,3 mill meir enn budsjettet, samt at overføring til private barnehagar er 0,9 mill høgare enn budsjettet. Skulane hadde også meirforbruk i 2021 (ca 5 mill), men i 2021 var det andre områder som hadde mindreforbruk (barnehage og TBU) slik at oppvekst totalt sett i 2021 gjekk ca i balanse.

Budsjettavvika er forklart i meir detalj i kapitlet «Regnskapsanalyse»

Grafen nedanfor viser netto driftsresultat for perioden 2018-2022, samt det som ligg budsjettert dei fire neste åra i økonomiplanperioden.




Får å ha ein sunn økonomi og for å bygge opp tilstrekkelig med midler til bruk på investeringar så anbefaler TBU (Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi) eit netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene på 1,75%. Kommunestyret i Sula kommune har vedtatt eit måltal på 1,5%, som er i nærheten av det anbefalte målet. Måltallet blei nådd i både 2021 og 2022.

2021 var eit spesielt år med tanke på at skatteinntektene blei vesentleg høgare enn budsjettert. 2021 har også bidratt positivt på resultatet i 2022 i form av rests katt og korreksjonsoppgjør. Den høge skatteinntektene i 2021 og 2022 samanlikna med budsjett var ein nasjonal trend. Dette gjaldt altså ikkje berre Sula kommune.

Når det gjeld 2023-2026 forventer vi at det blir utfordrande å nå måltallet. Som det framgår av grafen ovenfor så blir ikkje måltallet nådd i nokon av åra i økonomiplanperioden. Innbakt i tala for økonomiplanperioden er det også lagt inn innsparing (5 mill i 2023, 10 mill i 2024 og 14 mill i 2025 og 2026). Hovedgrunnen til forventa nedgang samanlikna med 2021 og 2022 er forventning om nedgang i nivået på dei frie inntektene. Når vi budsjetterer skatteinntekter, inntektsjuttjaving og rammetilskot legg vi Finansdepartementet og KS sine forventningar til grunn. For både 2021 og 2022 viste det seg i ettertid at estimata var for lave. Vi har foreløpig ingen indikasjon på at estimata for 2023-2026 (som vi har lagt til grunn i økonomiplanen) er for lave.

Gjeld:

Lånegjelda har auka dei siste åra og vil fortsette å auke i åra framover:



Som det framgår av grafen ovanfor så har låna knytt til sjølvkostområde og lån med rentekompensasjon vore ganske stabil dei siste åra. Lån til andre investeringar har auka. Dette skuldast store prosjekter vi har hatt dei siste åra. Dei største er Rørstadmarka skule (inkludert gang og sykkelveg), samt Jetmundgarden. Iht økonomiplan 2023-2026 vil låneutviklinga endre seg samanlikna med tidlegare. Lån til investeringar utanom sjølvkostområdet vil flate ut, medan det blir ei stor auke på lån knytt til sjølvkost. Dette er på grunn av investering i nytt renseanlegg.

Finansielle måltall:

Indikatorane under er foreslått av KS og er ei vidarutvikling av indikatorar foreslått av riksrevisjonen. Dei viser indikator i prosent av brutto driftsinntekter.

Indikator	Svært utsatt	Lite handlingsrom	Moderat handlingsrom	Større handlingsrom
Netto driftsresultat	< 0	< 1	< 2	> 2
Disposisjonsfond	< 2	< 5	< 8	> 8
Netto lånegjeld	> 85	> 75	> 65	< 65

Kommunestyre vedtok i møte den 01.12.2022 (sak 074/22) følgende finansielle måltall for Sula kommune:

Sula kommune skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivareteke over tid. Kommunen skal innrette den langsiktige økonomiplanlegginga slik at ein styrer mot følgjande finansielle måltal:

- *Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,5 % av brutto driftsinntekter.*
- *Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 10 % av brutto driftsinntekter.*
- *Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal ned på dagens nivå (under 130 %) innen 2030 og 100 % innen 2035*

Tabellen nedanfor viser indikatorane for Sula kommune i perioden 2019 -2022. Med tanke på samanlikning har vi også tatt med Ålesund, gjennomsnitt Møre og Romsdal og gjennomsnitt landet (Kjelde: Framsikt Analyse. Basert på foreløpige Kostra-tal pr 15.03.23)

Sula kommune 2019 - 2022	Beløp	Svært utsatt	Lite handlingsrom	Moderat handlingsrom	Større handlingsrom	Ålesund	Møre og Romsdal	Landet
Netto driftsresultat 2022	18 760 642				2,1 %	2,9 %	2,0 %	3,1 %
Disposisjonsfond 2022	145 400 366				16,3 %	2,0 %	10,3 %	14,6 %
Netto lånegjeld 2022	1 112 221 028	124,4 %				104,3 %	114,9 %	88,2 %
Netto driftsresultat 2021	32 089 880				3,8 %	0,4 %	1,8 %	4,3 %
Disposisjonsfond 2021	125 197 074				14,8 %	0,3 %	8,9 %	13,4 %
Netto lånegjeld 2021	1 000 251 266	117,9 %				101,5 %	112,2 %	87,3 %
Netto driftsresultat 2020	-3 807 858	-0,5 %				-1,7 %	1,0 %	2,7 %
Disposisjonsfond 2020	99 357 401				12,7 %	0,9 %	8,0 %	11,7 %
Netto lånegjeld 2020	910 614 723	116,5 %				102,4 %	110,8 %	89,1 %
Netto driftsresultat 2019	4 693 730		0,7 %			-2,5 %	-0,7 %	1,9 %
Disposisjonsfond 2019	84 807 153				11,2 %	1,9 %	7,7 %	10,7 %
Netto lånegjeld 2019	917 588 895	118,8 %				100,0 %	108,8 %	85,4 %

Netto driftsresultat: Netto driftsresultat består av løpende inntekter fratrukket løpende ugifter. Nøkkeltalet måler om kommunen si drift går i balanse og det seier noko om kommunas økonomiske handlefrihet. Anbefalt prosent frå TBU (Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi) er på 1,75%. Sula kommune var over dette normtalet i 2021 og 2022.

Disposisjonsfond: Disposisjonsfondet er avsetningar som kommunestyret kan disponere fritt. Midlar på disposisjonsfond stammar frå tidlegare års overskot og er meint som ein buffer mot uføresette kostnader eller inntektssvikt. Nivået på disposisjonsfondet til Sula kommune er bra og gjer at kommunen fortsatt har handlingsrom. 14,6 mill av disposisjonsfondet er budsjettert brukt i økonomiplanperioden.

Netto lånegjeld: Netto lånegjeld er total lånegjeld fråtrukke vidareutlån og ubrukte lånemidlar. Riksrevisjonen definerer høg lånegjeld til 75 % av driftsinntektene. KS antyder at ein gjeldsgrad på over 100 % er ugunstig. Sula kommune har hatt ein gjeldsgrad på over 100% sidan 2014 og gjeldsgraden vil fortsette å auke i økonomiplanperioden.

Likestilling og diskriminering

Kommunelova § 14-7 seier følgjande: *Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for kva kommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26*

Av tiltak som er sett i verk frå kommunen kan det nemnast:

- *Likestilling mellom kjønna*

Harmonisering av løn er kome langt etter ein grundig gjennomgang for nokre år tilbake. Likestilling/likeløn gjennom ein konsekvent personal- og lønspolitikk er eit mål for kommunen, jf Lønspolitisk dokument: Lønn skal fremme og ivareta likestilling mellom kjønn og virke slik at kvinner og menn vert handsama på lik line i samband med vurdering av lønn og avansement.

I kommuneplanens samfunnsdel har ein også peika på at det kan være utfordringar med likestilling og legg opp til ein strategi der ein er konsekvent i personalpolitikken og lønsforhandlingar.

Ved kunngjering av ledige stillingar vert underrepresentert kjønn oppmoda om å søkje der det er aktuelt.

- *Likestilling pga. etnisitet, nasjonal opprinnelse, avstamning, hudfarge, språk, religion og livssyn*

Eitt av hovudmåla i kommuneplanen er å etablere eit harmonisk mangfald ved inkludering av fleirkulturelle folkegrupper. Eit tiltak er kommunens barnehagar som via NAV-systemet har tatt inn personar i arbeidstrening - fordi dei treng språktrening/opplæring.

- *Likestilling uavhengig av funksjonsevne, og hindre diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne*

Krav om universell utforming ved oppføring av kommunale bygg.

Figur: Kvinneandel i leiarstillingar og i kommunestyret

Kvinneandel i Sula kommune (org)	2022	2021	2020	2019	2018	2017
Leiande stillingar	60,0 %	60,0 %	60,0 %	68,0 %	65,0 %	65,0 %
Kvinneandel i kommunestyret	44,8 %	44,8 %	44,8 %	44,8 %	37,9 %	37,9 %

Heiltidskultur, deltidstilsette og ufrivillig deltid.

Sula kommune søker å etablere ein heiltidskultur. Sula har ein kvinneandel på 82 % kvinner. Av desse er over halvparten i deltidstillingar. Det blir arbeid kontinuerleg med å redusere andelen av ufrivillig deltidstilsette. Ei av utfordringane er at mange ønskjer deltidsarbeide. Det er derfor laga eigne system for å fange opp ønske om utviding av stillingsprosent. I tillegg til at den enkelte leiar vurderer eigne stillingsressursar og løysingar innafor eige ansvarsområde, er det iverksett ulike prosjekt og tiltak som går på tvers av fagområda.

Tiltak for å sikre betryggande kontroll og høg etisk standard i kommunen.

Økonomireglementet blei revidert og oppdatert i forhold til økonomibestemmelsane i ny kommunelov gjeldande frå 01.01.2020. Økonomireglementet blei vedtatt i kommunestyret 25.3.2021 (sak 21/21).

Etiske retningslinjer, innkjøpspolitikk og hovudprinsipp for eigarstrategi vart revidert og vedtatt i kommunestyret 25.3.2021 (sak 21/21).

Finansreglement vart revidert og vedtatt i kommunestyret 20.10.21 (sak 89/21). Vi har tertialvise finansrapporteringar.

Vi har ei tett og god oppfølging av driftseiningane. Rekneskapet vert analysert kvar månad av kommunalsjefar og einingsleiarar. I tillegg vert ei grundigare analyse gjennomført i tilknytning til tertial rapporteringane. Rapportprogrammet BI er også svært nyttig og gir til ein kvar tid oppdatert informasjon om m.a. økonomi og fråvær.

Internkontroll 2022:

Sula kommune sitt kvalitetssystem Risk Manager har vore under utfasing, og skal implementerast i SIKRI si løysing Samsvar. I tillegg til å vidareføre alle kommunen sine prosedyrar og retningslinjer, skal Samsvar dokumentere at kommunen sin drift *er i samsvar* med lovpålagte oppgåver. Dette er dei såkalla kommunepliktene. Kommunepliktene består av om lag 220 forskjellige tenester, ofte omtalt som velferdstenester, som kommunen er pålagt å tilby sine innbyggjarar gjennom lov. Desse tenestene er underlagt statleg tilsyn.

Tenester kommunen tilbyr utover dette, altså dei ulovfesta tenestene, er ikkje underlagt statleg tilsyn. Like fullt er desse tenestene også omfatta av kommunen sin internkontroll, og det er viktig at kommunen har system og rutinar for å sikre forsvarlege tenester.

Kommunen må kunne dokumentere at dei lovpålagte tenestene blir handtert forsvarlig. I dette ligg at saksbehandlinga er etterprøvbar, likeverdig og transparent. Personvern og krav innanfor GDPR-forordninga står sterkt, og skal sikre at sensitive personopplysningar ikkje kjem på avveie. På den andre sida skal også innsynsretten som regulerast av offentleglova ivaretakast. Denne balansegangen kan vere krevjande, og stiller krav til gode system. Ikkje minst blir tilsette sin kompetanse og lovforståing innanfor saks- og arkivområdet sett på prøve.

I tillegg til reine lovkrav, har vi også sentrale føresegner og retningslinjer, ofte i kombinasjon med særlover. Dette gir sterke føringar når kommunen skal innrette og dimensjonere sine tenester. Dette blir omtalt som kommunen sine aktørplikter, og kommunen må dokumentere korleis ein løysar dette gjennom nedfelte prosedyrar og kommunale retningslinjer. Korleis desse etterlevast, skal også dokumenterast.

Mangelen på etterleving, eller hendingar som bryt med prosedyrar/retningslinjer, blir registrert som avvik, og skal registrerast og behandlast i avvikssystemet.


I 2022 var det registrert 644 avvik i kommunen, fordelt på desse kategoriane:

År:	2022
Forbetringsforslag	2
Helseforetak - samhandlingsavvik	13
HMT (Helse Miljø Tryggleik)	262
IKT	8
Informasjonstryggleik/personvern	6
Intern varsling	25
Legemiddelavvik	171
Tenestekvalitet	157
Totalt	644

REF: Risk Manager

Talet på avvik i 2022 har hatt ei auke i forhold til 2021, men så var også 2021 eit år med etter måten lågt tal avvik.

Elles er det HMT og legemiddelavvik som utgjør størstedelen av avvika. Her må det understrekast at hendingar/forhold som *kan føre til* avvik også inngår i desse meldingane. Slik sett kunne langt fleire av desse avvika vore meldt som forbetringsforslag (eigen kategori). At tilsette ikkje kvier seg for å melde avvik, og at vi har ein god meldekultur, er likevel det viktigaste.



Rekneskapsanalyse

I kommunelova § 14-7 bokstav b framgår det at årsmeldinga skal redegjøre for vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjett og årsrekneskapet, samt vesentlige avvik frå kummunestyrets premisser for bruken av bevilgningane.

Kommunestyret bevilger netto budsjetttrammer både for drift og investering. Premissane for bevilgning av budsjetttramme for drift er først og fremst av økonomisk karakter, dvs at sektorane skal halde seg innanfor si budsjetttramme.

Når det gjeld bevilgning av rammer til investering er det ein økonomisk premiss i form av at investeringsprosjekta ikkje skal koste meir enn budsjettert. I tillegg ein premiss knytt til gjennomføring av investeringsprosjekta sett opp mot totalt bevilga beløp til investering.

I kapitlet «Driftsrekneskap for 2022» blir budsjettavvik kommentert både på overordna nivå og på detaljert nivå per eining.

I kapitlet «Investeringsrekneskap for 2022» blir budsjettavvika kommentert per sektor. Budsjettavvika kjem i hovudsak av at gjennomføring av investeringsprosjekta har blitt forsinka eller utsatt. Investeringsprosjekta som utgjer dei største avvika blir spesifisert.

Driftsrekneskap for 2022

Driftsrekneskapet for 2022 er avlagt i balanse. Det vil sei at resultat av inntekter, utgifter og interne finanstransaksjoner (bruk av og avsetning til fond, samt overføring til kapitalrekneskapet) er null.

Netto driftsresultat i 2022 er positivt med 18,8 mill kroner. Dette er 15,3 mill kroner betre enn budsjettert.

Forskjellen mellom avlagt regnskap i balanse og netto driftsresultat er dei interne finanstransaksjonane. Fram til 2020 blei rekneskapet avlagt med mindreforbruk dersom resultatet var betre enn budsjettert. Slik er det ikkje lenger i ny kommunelov og regnskapsforskrift. Dersom driftsrekneskapet no viser eit mindreforbruk så skal mindreforbruket reduserast ved å stryke bruk av disposisjonsfond. Dersom rekneskapet fortsatt viser eit mindreforbruk skal dette avsettast til disposisjonsfond. Dette framgår av regnskapsforskrifta § 4-3. Når netto driftsresultat i 2022 er betre enn budsjettert så har dette medført avsetning til disposisjonsfond for 2022.

Budsjettavvika for kvar sektor og eining er forklart i detalj i dei påfølgjande sidene.

Budsjettavviket kan i hovudsak forklarst med følgjande:

Område	Bud.avvik	Kommentar
Frie inntekter	-37 100 000	Skatt, inntektsutjevning og rammetilskot. Koronatilskot på totalt 10,7 mill.
Flyktingtilskot	-7 600 000	Flyktingtilskot høgare pga fleire flytkningar enn lagt til grunn i budsjett.
Renteutgifter	3 200 000	Renteutgifter investeringslån. Rentenivå høgare enn budsjettert.
Helse og sosial	12 600 000	Korona, ress.krev. tenester, flykningar. Inntekter sentralt. Reelt sett bal.
Oppvekst	11 900 000	Skulane er 9,3 mill over budsjett. Overføring priv bh. 0,9 mill over bud.
Andre områder	1 700 000	Sum av budsjettavvik på andre områder
SUM budsjettavvik	-15 300 000	Driftsresultat er 15,3 mill betre enn budsjettert
Budsjettert driftres.	-3 500 000	Budsjettert med positivt driftsresultat for 2022 på 3,5 mill
Netto driftsresultat	-18 800 000	Positivt netto driftsresultat for 2022

Nedanfor vil vi oppsummere dei største budsjettavika for kvar sektor.

Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen har meirforbruk i 2022 på 1,4 mill. kroner.

ANSV.	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
	SENTRALADMIN.	55 297 809	53 887 206	1 410 603	Meirforbruk på 1,4 mill for sentranadministrasjonen.
	POLITISK UTVAL	5 275 458	5 326 065	-50 607	Ca som budsjettert
11010	POLITISK STYRING	3 366 327	3 363 816	2 511	Ca som budsjettert.
11020	VAL	1 540	0	1 540	Einaste som er bokført er utgift til kurs.
11030	REVISJON, KONTR.UTVAL	1 320 239	1 117 600	202 639	Meirforbruk knytt til revisjon.
11040	ELDRERÅD	40 066	76 795	-36 729	Mindreforbruk skuldast i hovudsak møtegodtgjersle.
11050	RÅD FOR FUNK.HEMMA	42 597	71 854	-29 257	Mindreforbruk skuldast i hovudsak møtegodtgjersle.
11060	SIVILFORSVAR	444 689	85 000	359 689	Det som i utgangspunktet blir budsjettert her er utgifter til Ålesund kommune for sivilforsvar. Årleg utgift er på rundt 80.000kr. Vi har ikkje mottatt faktura frå Ålesund kommune for 2022. Alt som er utgiftsført her i 2022 er koronarelaterte utgifter som utgift til smittefrakker, munnbind, engangshansker hånddesinfiasjon, sperreband, leige av lokaler til vaksinerings osv.
11070	TIL FORMANNSKAPET SIN DISP.	60 000	611 000	-551 000	Budsjett var i utgangspunktet 700.000kr og besto av "strategisk pott" til fordeling på 400.000kr og formannskapet disposisjonskonto på 300.000kr. Strategisk pott har ikkje blitt benytta. Av formannskapet disposisjonskonto er det brukt 149.000kr. Mindreforbruk er altså 400.000kr + 151.000kr = 551.000kr
	RÅDMANN M/STAB	44 648 691	42 788 826	1 859 865	Meirforbruk på 1,8 mill kjem i hovudsak av område IKT.
11210	RÅDMANN	2 096 760	1 767 449	329 311	Utgifter ifbm avviklingsoppgjør for "gamle" ÅRIM er bokført her med 298.000kr. Det forklarar det meste av meirforbruket.
11220	ØKONOMIAVDELINGA	7 620 178	7 183 429	436 749	Meirforbruk skuldast i hovudsak at gebyrinntekter/inntekter frå forsinkelsesrente er ca 300.000kr lavere enn budsjett og at andre driftsutgifter er ca 100.000kr over budsjett. Nedgang i inntekter skuldast overgang frå eigeninnkasso til ekstern inkasso via Intrum
11230	STØTTESTAB	9 822 222	9 449 293	372 929	Meirforbruk skuldast ekstra lønnsutgifter ifbm flykting-situasjonen, samt at andre driftsutgifter er høgare enn budsjettert.
11233	HOVUDSTILLTVALDE	1 495 998	1 514 364	-18 366	Ca som budsjettert
11240	SERVICEKONTORET	6 040 758	6 290 983	-250 225	Mindreforbruk skuldast i hovudsak at andre driftsutgifter (kontorutstyr, kurs, porto, osv) er under budsjett.
11241	IKT	15 269 388	16 494 939	-1 225 551	Må sjåast i samanheng med ansvar 11245. Meirforbruk på totalt 1,1 mill knytter seg i hovudsak til velferdsteknologi.
11245	VELFERDSTEK. (IKT)	2 370 293	0	2 370 293	Må sjåast i samanheng med ansvar 11241
11242	STARTLÅN OG TILSKOT	-66 906	88 369	-155 275	Mindreforbruk skuldast i hovudsak vi har utbetalt mindre i etableringstilskot enn budsjettert, samt at renteinntektene våre på startlåna er litt høgare enn våre renteutgifter.

ANSV.	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
	OVERF. TRUSAMFUNN	5 373 660	5 772 315	-398 655	Mindreforbruk skuldast i hovedsak at tiltak er utsatt til 2023
11410	OVERF. TIL SOKNERÅDET	4 499 996	4 875 000	-375 004	Ordinært driftstilskot til soknerådet for 2022 er på totalt 4.500.000kr. Dette blir fordelt og utbetalt kvar måned. I budsjettet ligg det i tillegg eit tiltak på 375.000kr i 2022 som gjeld maling av indre Sula kyrkje. Dette blir utsatt til 2023. Dette er årsaken til budsjettavviket på 375.000kr
11411	TENESTEYTING KYRKJE	224 072	261 408	-37 336	Ca som budsjettert
11430	GRAVSTADER	649 592	635 907	13 685	Ca som budsjettert

Oppvekst

Oppvekst har eit meirforbruk i 2022 på 10,7 mill. kroner.

ANSV.	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
	OPPVEKST	274 139 193	263 442 216	10 696 977	Meirforbruk på 10,7 mill er i hovedsak knytt til skulane.
	ADMIN. OG FELLESUTG.	11 974 293	10 625 842	1 348 451	
21010	OPPVEKST UTVALET	136 636	150 996	-14 360	Ca som budsjettert
21020	ADMIN. OPPVEKST	1 634 109	2 051 980	-417 871	Mindreforbruket kjem i hovudsak av at opplæring/kurs (som ikkje er dekt av bruk av fond) er under budsjett.
22110	FELLES UNDERV. KONTO	8 839 947	6 607 866	2 232 081	Budsjettavviktotalt kjem i hovedsak av følgende postar: * Lønnsutgift 550.000kr over budsjett. Gjeld i hovudsak lønnsutgifter til lærlingar. Må sjåast i samanheng med refusjon frå fylkeskommunen (art 17300). * Kurs (art 11500) er 1,2 mill over budsjett. Mykje av det som er ført her er utgifter til vidareutdanning for lærarar. Denne må sjåast i samanheng med refusjon frå staten (art 17000) der Sula kommune blant anna bokfører refusjon knytta til vidareutdanning. * Kjøp frå kommuner (art 13500) er 1,3 mill over budsjett. Dette gjeld fakturering frå andre kommuner for undervisning for elevar heimehøyrande i Sula. * Kjøp frå private (art 13700) er 550.000kr over budsjett. Det største utgifta som er regnskapsført her er utbetaling til Møre barne- og ungdomsskule knytt til refusjon for spesialundervisning (464.000kr) * Refusjon frå staten (art 17000) er 1,1 mill over budsjett. Det som er inntektsført her er blandt anna refusjon knytt til vidareutdanning av lærerar, tilskot til sommerskule, tilskot til styrking norskspråglig utvikling og styrking til innkjøp digitale hjelpemidler. * Refusjon frå fylkeskommunen (art 17300) er 236.000kr over budsjett. Det som er bokført er er blandt anna tilskot til lærlingar.
22120	FELLES SFO KONTO	1 363 601	1 815 000	-451 399	Det som er budsjettert på dette ansvaret er ekstraavgifter knytt til ordning om redusert foreldrebetaling i SFO. I 2020/2021 blei det lagt inn tiltak på ca 440.000kr. Dette var knytt til ordning om inntektsgradert foreldrebetaling. Det blei lagt inn tilsvarande det vi får i auke i rammetilskot. I 2022 blei budsjettet auka med ytterlegare 1,35 mill. Dette var knytt til gratis SFO for 1. klassingar (12 timer) for haust-halvåret. Det er regnskapsført mindre i redusert foreldrebetaling enn budsjettert. (I dei tre første månadane i 2023 er denne posten ca som budsjettert)

ANSV.	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
	SOLEVÅG SKULE	20 526 502	18 039 934	2 486 568	Meirforbruk på 2,5 mill i 2022. I 2021 var meirforbruket 1,5 mill.
22210	SOLEVÅG SKULE UND.	20 246 069	18 030 934	2 215 135	Budsjettavvik kjem i hovudsak av at lønnsutgiftene er ca 1,8 mill høgare enn budsjettet. Det er fleire årsaker til at lønnsutgiftene er høge, blant anna utgifter til elvar med ekstra behov og utgifter til vikarar ved korttidsfråver.
22220	SOLEVÅG SFO	280 433	9 000	271 433	Budsjettavvik kjem i hovudsak av at SFO-inntektene er lavare enn budsjettet.
	RØRSTADMARKA/ MÅSEIDE/ FISKERSTRAND	21 850 686	19 260 929	2 589 757	Måseide og Fiskarstrand skule blei slått saman til ein skule, Rørstadmarka skule, frå august 2022. Totalbudsjettet blei berekna ved å ta heilårsbudsjettet til Fiskerstrand og Måseide skule og trekke frå budsjettet innsparing på Rørstadmarka skule (halvårseffekt) på 1,3 mill. Samla sett så gjekk Måseide og Fiskerstrand skule ca i balanse (januar - juli). Rørstadmarka skula hadde eit meirforbruk i perioden august-desember på 2,5 mill. Deler av meirforbruket kan forklarast med oppstartsutgifter. Det tek tid og kostar i ein overgangsfase når to skular blir slått saman til ein.
	MÅSEIDE SKULE	5 341 798	4 903 690	438 108	Budsjett/regnskap gjeld for perioden januar - juli 2022.
22310	MÅSEIDE SKULE UNDERV.	5 085 984	4 414 092	671 892	Budsjettavvik kjem i hovedsak av at lønnsutgiftene er ca 700.000kr høgare enn budsjettet.
22320	MÅSEIDE SFO	255 814	489 598	-233 784	Budsjettavvik kjem i hovedsak av at lønnsutgiftene er ca 240.000kr under budsjett
	FISKERSTRAND SKULE	6 545 413	6 914 027	-368 614	Budsjett/regnskap gjeld for perioden januar - juli 2022.
22410	FISKARSTRAND SKULE UNDERV.	6 256 990	6 615 695	-358 705	Budsjettavvik kjem i hovedsak av at lønnsutgiftene er 380.000kr lavare enn budsjettet.
22420	FISKARSTRAND SFO	288 423	298 332	-9 909	Ca som budsjettet
	RØRSTADMARKA SKULE	9 963 475	7 443 212	2 520 263	Budsjett/regnskap gjeld for perioden august-desember 2022.
22 810	RØRSTADMARKA SKULE	9 777 264	7 454 259	2 323 005	Budsjettavvik kjem i hovedsak av at lønnsutgiftene er ca 2,5 mill høgare enn budsjettet.
22 820	RØRSTADMARKA SFO	186 211	-11 047	197 258	Lønnsutgiftene er 316.000kr over budsjett og andre driftsutgifter (matvarer, forbruksmateriell osv) er 66.000kr over budsjett. Det som dreg ned meirutgiftene er at SFO-inntektene er 185.000kr betre enn budsjettet.
	LANGEVÅG SKULE	39 396 893	36 363 147	3 033 746	Meirforbruk på 3 mill for Langevåg skule/SFO. I 2021 var meirforbruket på 3,5 mill
22510	LANGEVÅG SKULE UND.	39 541 390	36 338 687	3 202 703	Budsjettavvik kjem i hovedsak av at lønnsutgiftene er 3,2 mill høgare enn budsjett. Det er fleire årsaker til at lønnsutgiftene er høge, blant anna utgifter til elvar med ekstra behov og utgifter til vikarar ved korttidsfråver.
22520	LANGEVÅG SFO	-144 497	24 460	-168 957	Budsjettavvik kjem i hovedsak av at lønnsutgiftene er 178.000kr lavare enn budsjett.
22 710	SULA UNGDOMSSKULE	37 245 729	36 054 994	1 190 735	Meirforbruket skuldast i hovedsak at lønnsutgifter er 1,7 mill høgare enn budsjett. Det som dreg ned meirforbruket er at refusjonar er høgare enn budsjettet. Refusjonane er i hovedsak knytt til vidareutdanning. Det er fleire årsaker til at lønnsutgiftene er høgare enn budsjettet. Nokre av forklaringane er: * "Ekstrahjelp" i høve til innføringslasse for flyktingar * Oppfølging av elevar med særlege utfordringar * Vikartimar ved fråver * Stigning i elevtalet, som har resultert i ek ekstra klasse.

ANSV.	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
23110	FELLESUTG. BARNEHAGE	1 207 000	982 723	224 277	Meirforbruket skuldast i hovedsak at utgiftsført redusert foreldrebetaling (art 14704 rabatt barnehage) er ca 200.000kr høgare enn budsjettet. Det er også budsjettavvik på andre budsjettposter, men disse går i stor grad mot kvarandre.
	SUNDE BARNEHAGE	5 910 508	5 882 680	27 828	Ca som budsjettet
23120	SUNDE BARNEHAGE	5 299 954	5 339 980	-40 026	Lønnsutgiftene er 72.000kr under budsjett. Kjøp av matvarer er 33.000 over budsjett. Dette forklarer det meste av budsjettavviket. Inntekt frå foreldrebetaling er ca som budsjettet.
23121	STYRKING SUNDE BH	610 554	542 700	67 854	Lønnsutgiftene er høgare enn budsjettet. Det skuldast i hovedsak at lønnskostnadane på dei som utfører arbeidet er høgare enn dei refunderte midlane.
	MÅSEIDE BARNEHAGE	9 343 691	9 549 324	-205 633	Mindreforbruk
23130	MÅSEIDE BARNEHAGE	9 200 946	9 414 324	-213 378	Lønnsutgiftene er 233.000kr under budsjett. Grunnen til dette er ledige plassar i hausthalvåret og dermed lavere bemanning. Det som dreg ned mindreforbruket er at andre driftsutgifter (f.eks inventar, IT-utstyr og matvarer) er over budsjett.
23131	STYRKING MÅSEIDE BH	142 745	135 000	7 745	Ca som budsjettet
	LANGEVÅG BARNEHAGE	14 755 029	15 349 034	-594 005	Mindreforbruk
23150	LANGEVÅG BARNEHAGE	14 033 302	14 630 024	-596 722	Mindreforbruket kjem i hovedsak av at lønnsutgifter er 1,2 mill under budsjett. Dette skuldast lavere barnetal (ledige plassar) gjennom året. Bemanninga er tilpassa i forhold til dette. Refusjonar frå staten (lønnstilskot) er 64.000kr høgare enn budsjett. Det som dreg ned mindreforbruket er at foreldrebetaling er 413.000kr lavere enn budsjettet (har samanheng med ledige plasser) og at andre driftsutgifter er 249.000kr høgare enn budsjett. Dei to postane som bidreg mest til budsjettavviket på andre driftsutgifter er kjøp av matvarer som er 80.000kr høgare enn budsjett og kjøp av inventar/utstyr som er 125.000kr over budsjett. Barnehagen har blandt anna måtta kjøpt inn nye oppvaskmaskiner og fryser på fleire avdelingar.
23151	STYRKING LANGEVÅG BH	721 727	719 010	2 717	Ca som budsjettet
	MOLVÆR BARNEHAGE	9 680 007	9 791 158	-111 151	Mindreforbruk
23160	MOLVÆR BARNEHAGE	9 264 409	9 419 233	-154 824	Mindreforbruk kjem i hovedsak v at lønnsutgiftene er 16.000kr under budsjett, andre driftsutgifter er 48.000kr under budsjett og foreldrebetaling er 84.000kr over budsjett.
23161	STYRKING MOLVÆR BH	415 598	371 925	43 673	Lønnsutgifter er høgare enn budsjettet
23210	PRIVATE BARNEHAGAR	53 531 471	52 629 287	902 184	Budsjettavvik skuldast i hovedsak av at betaling til Ålesund kommune for "Sula-barn" i barnehager i Ålesund blei 720.000kr over budsjett, samt at refusjon frå Ålesund kommune for "Ålesund-barn" i barnehage på Sula blei 185.000kr under budsjett. Den største budsjettposten, overføring til private barnehagar, var ca som budsjettet. Den blei på 53,1 mill, medan budsjett var 53,17 mill.
	VAKSEN OPPLÆRING	2 671 233	2 227 964	443 269	Meirforbruk
24010	VAKSEN OPPLÆRING - REHAB/HAB	2 253 861	2 027 330	226 531	Meirforbruk kjem i hovedsak av at lønnsutgifter er ca 200.000kr over budsjett.
24020	OPPLÆRING INVANDARAR	417 372	-49 366	466 738	Meirforbruk kjem i hovedsak av at refusjon frå staten (art 17000) er 620.000kr lavere enn budsjettet. Det som dreg ned meirforbruket er at fakturering frå Ålesund kommune er lavere enn budsjettet.
24030	GRUNNSKULE VAKSNE	0	250 000	-250 000	Det er ikkje bokført utgifter på dette ansvaret i 2022.

ANSV.	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
	TBU	46 046 151	46 685 200	-639 049	Mindreforbruk
25100	FELLES TBU	1 087 036	1 135 286	-48 250	Ca som budsjettert
25110	PPT	6 798 329	6 270 292	528 037	Meirforbruket kan i hovedsak forklarast ved at lønnsutgifter er 537.000kr over budsjett. Andre budsjettpostar er ca som budsjettert. Meirforbruket på lønn knytter seg i stor grad til stillinga som "Ungdoms-LOS". Deler av denne stillinga har i tidlegare år blitt dekt av midler frå Buf.dir. Det blei den ikkje i 2022. I budsjett 2023 er det lagt inn tiltak medd 500.000kr
25120	SPEPED. HJELP. BHG	4 615 242	4 422 688	192 554	Meirforbruk kjem i hovedsak av at overføring til private barnehagar (art 14700) knytt til frikjøp/refusjon for spesialpedagog.
25121	STYRKA BHG.TILBOD	2 576 475	827 245	1 749 230	Meirforbruk kjem av at overføringar til knytt til styrking (barnehageloven § 37) er høgare enn budsjettert.
25130	HELSESTASJON	7 828 356	8 630 999	-802 643	Mindreforbruk skuldast i hovedsak at lønnsutgifter er 686.000kr under budsjett (lønnsutgift utanom prosjekt D2010, styrking helsestasjon, som blir dekt av tilskot). Grunnen til mindreforbruket på lønn er at stilling som Tiltakskoordinator har stått vakant i samband med permisjon. Andre driftsutgifter bidreg også til mindreforbruk. Dei er 74.000kr under budsjett. Det største budsjettavviket under andre driftsutgifter er kurs/opplæring som er 80.000kr under budsjett.
25140	BARNEVERN	23 140 713	25 398 690	-2 257 977	Mindreforbruket skuldast i hovedsak at lønnsutgifter er 2,3 mill under budsjett. Det er også budsjettavvik på andre postar, men desse går i stor grad mot kvarandre. Det som forklarar det meste av mindreforbruket på lønnsutgifter er at fosterheimsgodtjerle (art 10507) var 1,25 mill under budsjett, ekstrahjelp (art 10300) var 236.000kr under budsjett og støttekontakt (art 10509) var 213.000kr under budsjett. Inkludert AGA blir totalen av desse postane ca 2 mill under budsjett.

Helse og sosial

Helse og sosial har eit meirforbruk i 2022 på 12,4 mill. kroner. Meirforbruket må sjåast i samanheng med meirinntekter som bokførast sentralt.

ANSV.	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
	HELSE OG SOSIAL	287 822 996	275 395 468	12 427 528	Meirforbruk på 12,4 mill for helse og sosial
	ADMIN. OG FELLESUTG.	2 871 698	3 646 465	-774 767	Mindreforbruk
30110	HELSE OG SOSIAL UTVAL	136 457	660 255	-523 798	Mindreforbruk skuldast i hovedsak reservert avsetning på 500.000kr ifbm Helseplattformen. Ikkje påløpt utgifter i 2022
30120	ADMN. HELSE OG SOSIAL	1 436 089	1 655 250	-219 161	På dette ansvaret har det også tidlegare år vore eit mindreforbruk på rundt 200-300.000kr. I budsjett for tidlegare år blei det lagt eit beløp på art 14900 (Reserverte løyvingar) på 300.000kr. Dette til uforutsette utgifter. I budsjett 2022 blei denne posten fjerna i budsjettet. Det meste av den, 262.000kr, blei lagt til art 12700 (kjøp av andre tenester). Der er det ikkje utgiftsført noko i 2022, så dette forklarar det meste av mindreforbruket.
30125	TILSKOT VTA-BEDRIFTER	1 339 020	1 330 960	8 060	Som budsjettert. Det som er utgiftsført her er tilskot til Sula Vekst
30130	ALKOHOLOMSETTING - LØYVVER OG KONTROLL	-132 373	0	-132 373	Mindreforbruk kjem av inntektsføring av diverse avgifter og gebyrer (art 16220). Inntektene er større enn utgiftene.
30160	FELLESPOST FAGUTVIKLING	92 505	0	92 505	Det som førast på dette ansvaret er i all hovudsak inntekter og utgifter som knyttar seg til prosjekter. Meir- eller mindreforbruk ved årslutt blir overført/tilført bundet fond slik at prosjekta går regnskapsmessig i null. Meirforbruket skuldast kurs og opplæring-utgifter (art 11500) som ikkje blir dekt av prosjektmidlar.

ANSV.	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
	HELSEAVDELINGA	24 221 519	22 308 899	1 912 620	Ekstraavgifter knytt til korona utgjør ca 2,3 mill
30210	SAMF. MED. OPPGÅVER	678 566	620 303	58 263	Meirforbruk skuldast ekstraavgifter lønn knytt til korona.
30220	LEGETENESTA	18 525 882	16 812 932	1 712 950	Lønnsavgifter er 750.000kr over budsjett, og andre driftsavgifter er 1,7 mill over budsjett. Det som dreg ned meirforbruket er at inntekter er 173.000kr over budsjett og at refusjonar er 544.000kr over budsjett. Meiravgifter på både lønn og driftsavgifter kan forklarast med ekstraavgifter knytt til korona. Det er bokført til saman 2,3 mill i avgifter med prosjektode for korona.
30250	REHABILITERING	5 017 071	4 875 664	141 407	Meirforbruket kjem av at lønnsavgiftene er 880.000kr høgare enn budsjett. Det meste av meirforbruket blir dekt av refusjonar frå staten (Helfo) som er 338.000kr høgare enn budsjett, og at bruk av bundne fond. Det er utgiftsført 774.000kr med prosjektode D3046 (aktivitetstilskot eldre). 424.000kr av desse blir dekt ved bruk av fond. Fondet er tomt pr 31.12.22.
	NAV	15 053 856	12 425 762	2 628 094	Meirforbruk. Skuldast i hovudsak flyttings situasjonen
30310	NAV KOMMUNE	4 618 942	4 778 566	-159 624	Lønnsavgift er 123.000kr under budsjett, andre driftsavgifter er 36.000kr under budsjett
30320	ØK. SOSIALHJELP	1 540 124	1 158 240	381 884	Utbetalt økonomisk sosialhjelp er høgare enn budsjettet
